


HYSEVISA

Linda var ei lita hyse.
Linda budde i ein frysedisk
på eit lokalt samvirkelag
(MEGA! MEGA!)
Linda ho var pen og grei,
men var forelska i ein seifilet
som var forelska i seg sjølv.
O - O - O!
Lite flaks!
Seifiletten han var ein glad laks...

Seifiletten berre freste:
"Eg er mykje betr'enn flesteparten
i ein landsens frysedisk!"
(ELECTROLUX)
Linda sat igjen og tuta:
"Trur du at eg er ein lutafisk,
eg berre skjelv når det er kaldt!"
O - O - O!
Å, så trist!
Seifiletten han var ein kald fisk...

Alt kan snu seg til det beste.
Linda fann seg ein kjekk hestekur
mot svik og dobbeltspel og sakn.
(HUSK - TA TRAN!)
Linda trefte ein kjekk akkar.
Sjølv om han nok var ein rakkarfant
så går dei arm i arm i arm!
O - O - O!
Arm i arm!
Arm i arm i arm i arm i arm! (i arm i arm)



Hyse eller kolje (*Melanogrammus aeglefinus*) er ein fisk i torskfamilien. Hysa kan bli kring ein meter lang med ei vekt på nærmare 20 kg.

Hysa, som er ein av dei viktigaste matfiskane våre, er ein botnfisk som i hovudsak et rogn, småe blekksprutar og ymse botndyr. Han lever på djupner frå ca 40–300 m. Han er utbreidd over heile Nord-Atlanteren, men dei viktigaste gyteområda finst utanfor Midt-Noreg.

Sei (*Pollachius virens*), på Vestlandet ofte pale, er ein fisk i torskfamilien. Han kan bli opptil 120 cm lang og vege over 20 kg. Buken og sidene er sølvgråe, mens ryggen er mørkare. Berre ungfiskane har ein kort skjeggtråd.

Akkar eller spruten (*Todarodes sagittatus*) er ein tiarma stimssymjande blekksprut, som i store deler av verda blir brukt til mat. Det er den vanligaste blekksprutarten langs norskekysten. Her til lands har den mest blitt brukt som agn. Den blir ca. 60 cm lang og lever berre eitt år.

